

# Evangelium og kultur – frå kristningstid til moderne tid\*

BERGE FURRE

Kultur – kva er no det? Kultur er det meste – og vi prøver stadig nye definisjonar. Her er min idag: Kultur er dei idear, reglar, verdiar og normer som menneska «konstruerer» seg sjølv, verda og samfunnet med, slik at samfunnet blir reproduksert på ein bestemt måte, materielt og åndeleg. Kanskje kan vi for vårt føremål forenkla: Kultur er *livsform og samfunnsform* – sett i samanheng og i forandring.

Problemstillinga eg har fått er historisk: Korleis verka kristninga inn på den norrøne kultur – i livs- og samfunnsform? Kva slag kristendom kom det ut av møtet mellom evangeliet og den førkristne kulturen? Gjev det meining å prøva trekka liner frå dette møtet opp gjennom historia til vår tid – til «norsk» kristendom og «norsk» kultur?

Kristninga av Noreg var først og fremst eit politisk prosjekt. Pådrivarane var vikingkongar som kom heim og ville auka si makt og gjera seg til rikskongar. Dei var ikkje først og fremst misjonærar, men riksbyggjarar som såg mon i kristendomen som nyttig for det politiske prosjektet.

Dette synspunktet er haldbart berre dersom vi nyanserer det: Noreg var det siste landet i Vest-Europa som vart kristna. Vi kan sjå kristninga som ein langdryg prosess over eit par hundre år med kulturpåverknad langs fleire vegar. Som ein kytnasjons hadde nordmenn omfattande økonomisk kontakt utetter – og med det fylgte idear. Kristen påverknad seiv inn på mange måtar og vatna og gjødsla jordsmonnet. Kanskje kom det og folk som dreiv misjon i vanleg meining – utan at det er dokumentert. Ansgar kom aldri lenger enn til Sverige og Danmark. Vikingkongane hadde med seg hirdbispar og prestar heim. Bak dei anar vi politiske og religiøse sentra ute, i Eng-

\* Foredrag på seminar om «Evangelium og kultur» på Moster i forbindelse med 1000-årsjubileet for den norske kirke.

land og Frankrike, kanskje og Tyskland, som sende bispene og ville bruka vikingkongane til å utbreia religion og politisk innverknad.

Men først og fremst var kristninga eit politisk prosjekt som vikingkongane dreiv fram til støtte for riksbygging. *Rikssamling og kristning* er såleis tett samanfiltrat prosessar.

Tre vikingkongar står sentralt: Håkon Adalsteinsfostre, Olav Tryggvason og Olav Haraldsson. Alle tre prøvde å innföra kristendom som einaste religion i Noreg. Dei møtte eit bondesamfunn, kravde kongsnamn på regionale ting og ville ha kollektive vedtak om kristning. Dei møtte hard motstand.

Håkon Adalsteinsfostre var den første vikingkongen som prøvde – og han prøvde med det gode: Han ville overtalat bøndene og ta det stegvise, om vi skal tru Snorre. Medvete prøvde han seg med kompromiss mellom heiden og kristen sed – kristendom «light» så å seia:

Kong Håkon var ein god kristen da han kom til Noreg. Men av di heile landet var heide, og det var mykje bloting og mange stormenn, og han trøng mykje om hjelpe og venskap av almenningen, tykte han det var best å fara stilt med kristendomen. Men han heldt sundagen og fredagsfasta. Han sette det i lova at dei skulle ta til å halde jul på same tid som dei kristne, og da skulle kvar mann eige ein mæle øl eller så bøte, og halde helg så lenge ølet varte... (Soga om Håkon den Gode).

Men da han ville ta steget heilt ut og driva gjennom eit vedtak om kristendom over heile landet, vart motstanden for hard. Bøndene slo tilbake, kravde at han skulle blota og eta hestekjøt – eller i allfall strekka seg til å eta hestefeittet. Da striden vart så hard at det nesten gjekk på livet laus, fekk Sigurd Jarl kongen med på eit kompromiss:

Sigurd jarl ville få dei forlikte og bad dei ta det med ro; og han bad kongen gape over kjelhanken, der soddrøyken av hestekjøtet hadde lagt seg så hanken var feittut. Da gjekk kongen bortå og la eit linkede over hanken og gapte over, og så gjekk han til høgsetet. Men ingen av dei likte seg (Soga om Håkon den Gode, kap. 17).

Kongen måtte gje opp kristningsprosjektet for å berga kongsmakta. Han døydde av såret han fekk i slaget ved Fitjar og vart hauglagd. Bøndene viste han til Valhall, og Øyvind Skaldespille dikta eit kvede om korleis han vart motteken der. Det gjekk ikkje med kompromiss og med det gode.

Ganske annleis handfast gjekk den andre vikingkongen fram, Olav Tryggvason. Han hadde vore på herjingsferd i England og Frankrike

og var blitt døypt. Så skulle han heim og hadde den nye trua med seg – og let den fyrste messa lesa ved Mosterhamn.

Men før han kom så langt, prøvde han seg med kristning da han mellomlanda på Orknøyane. Snorre fortel at jarlen der, Sigurd,

kom og ville røda med kongen, og dei hadde ikkje tala lenge før kongen sa at jarlen skulle la seg døype, og like eins folket hans, eller så døy straks på flekken; kongen sa han ville fare med eld og oske over øyane og leggja landet i øyde om ikkje folket tok imot kristendomen. Såleis stelt som jarlen var, valde han å la seg døype, og så vart han døypt, med alt det folket som var der hos han. Sidan svor jarlen eiden sin til kongen og vart hans mann.... (Soga om Olav Tryggvason, kap. 47)

Men korleis skulle no kongen vera trygg på at jarlen av Orknøyane heldt fast ved kongetruskapen og kristendomen og ikkje blota til Odin og Tor straks kongen var ute av synet? Olav visste råd. Jarlen «gav han son sin til gissel. Sonen heitte Kvelp eller Hunde, og Olav hadde han med seg til Noreg» (s.s.).

Og slik vart metoden: Olav drog nordetter kysten med heren sin og kravde at folket skulle la seg døypa. Hadde han militært overtak, tvinga han dei til dåp. Var bøndene sterke, veik han unna. På Frostatinget møtte bøndene opp så mange og så vel væpna at han måtte slå retrett og gje seg. Men han fekk dei til eit nytt møte – på Mære. Kongen heldt gjestebod der og no hadde han militært overtak. Han tala til dei og minte dei om at dei på Frostatinget hadde kravd at han skulle blote. Og no ville han gjera det til gagns – og blote folk, folk av gjævaste slag, ikkje «trælar og skarvar». Så rekna han opp med namn dei elve fremste hovdingane i Trøndelag som han hadde med seg i gjesteboden. Dei ville han gje til gudane, sa han. No såg bøndene at makta hadde snudd:

Men da bøndene såg at dei ikkje hadde folk nok til å slåst med kongen, bad dei om fred og let kongen rá som han ville i denne saka. Dei vart forlike såleis at alle bøndene som var komne dit, let seg døype og gjorde for kongen eiden sin på at dei skulle halde seg til den rette trua og slutte med all blotskap (Soga om Olav Tryggvason, kap. 68).

Og som pant på at trusskiftet skulle bli varig, heldt kongen stormennene på plass ved bordet «like til dei gav sónene eller brørne sine eller andre nære frendar som gislar til kongen.»

Og slik for han vidare, kristna landskap etter landskap, og drog med seg ein aukande gisselflokk som pant på den nye trua etter som kristninga gjekk fram.

Lukkast han? Neppe. Etter han fall ved slaget ved Svolder, fall truleg svært mange tilbake til dei gamle gudane, sjølv om kristendomen nok slo rot på Vestlandet.

Men så tok den tredje vikingkongen fatt, Olav Haraldsson, med same mønsteret da han steig iland frå vikingferd og skulle reisa sitt rikskongedøme. Han for over landet med hermakt og tvang bøndene under seg og gav dei valet mellom død og dåp: Dei fekk døypa seg og gje han sønene som gislars – eller møta han i slag og få bygda brend. Det var hardt stundom, jamvel for Olav: «Det er skade at ein skal brenna ei så fager bygd», klaga kongen da han kom over fjellet til Lom frå Lesja og såg ut over dalen på nordsida av Ottavatnet (Soga om Olav den Heilage, kap. 111).

I grunnen mislukkast også han – så lenge han levde. Fyrst etter nederlaget på Stiklestad – og døden, skjedde miraklet: Vikingkongen vart den heilage martyr som vart reist opp til nytt liv som *Rex perpetuus Norvegiae*, Noregs evige konge – og rydde eit rom for kristendomen i folkehug og menneskesinn. Mykje tyder på at Stiklestad vart vendepunktet, det røynlege trusskiftet i sinn og kultur. Det er ved martyren kristendomen sigrar og grip hjarto, ikkje ved militær makt.

Kva var det vikingkongane såg i den dåpen dei tok ute?

Vikingane braut opp frå ein stadbunden kultur med ei tru som var sterkt bunden til ætta, bygda og miljøet der. Dei møtte ein annan kultur ute. Katedralar, messer, prosesjonar og kunnskap gjorde inntrykk. Dei var på ein annan Guds område, og denne guden såg ut til å vera mektigare. Skulle dei skapa eit rike heime, var det godt å ha den sterkaste guden med seg.

Eldre forsking meinte at den heimlege religion var i oppløysing. Nyare forsking har funne mykje vitalitet i åsatru og fruktbarkultus og fedradyrkning i bondesamfunnet. Og motstanden mot kristendomen var temmeleg hardsett, om vi skal tru sogene.

Kvífor tok vikingkongane denne kostbare konflikten?

Ein vanleg teori er at den gamle trua måtte brytast ned om riks-kongedømet skulle bli stabilt. Den gamle trua var stadbunden og sterkt knytta til det gamle ættesamfunnet. Kultstaden var storstova til den lokale hovdingen – eller han bygde hov på heimegarden og samla bøndene der til bloting. Hovdingen var sjølv kultleiar. Og når han døydde, vart han gravlagd, haugførd, på garden tilliks med forfedrane og verna garden. Dei døde og dei levande var saman om det.

Den gamle trua gjorde ættesamfunnet og hovdingveldet truverdig

– legitimerte det. Hovdingen hadde ingen over seg utan Odin og Tor som hjelpte han mot alle slag fiendar. Det var berre militær overmakt som kunne tvinga han til å underkasta seg, betala skatt, tena ein annan herre. Den gamle trua gav ikkje noko godt «lim» til å binda saman bygdene i eit større rike.

For den vikingkonge som kom heim med ambisjonar om eit riks-kongedøme og ville undertvinga eit stridbart aristokrati, kunne den nye religionen gje betre hjelp enn den gamle. Det hadde fleire grunnar:

- Her var det eit eige presteskap som stod for kulten, uavhengig av det lokale aristokratiet. Kongane bygde kyrkjer og sette prestar, les vi jamt om, også her på Moster. Slik vart hovdingveldet svekka.
- Alle skulle gravleggjast på kyrkjegarden. Dei døde vart skilde frå dei levande. Også det kunne minka styrken i ættesamfunnet.
- Seinare vart det ved kongens hjelp bygd opp ein kyrkjeleg riksorganisasjon med prestar, prestegjeld, hovudkyrkjer, tridjungkyrkjer osv. Dette vart eit administrativt apparat som også kongen kunne utvikla statsmakt på grunnlag av.
- Og kristendommen gav ein felles ideologi for heile riket som kunne lima det saman og legitimera kongens herreveld. Han var «Konge av Guds nåde», *rex iustus*, rettferdig konge etter Guds vilje. Bøndene skulle lyda han, ikkje berre fordi han hadde fysisk overmakt, men fordi det var Guds vilje. Og dei kunne bli straffa for ulydnad, ikkje berre i dette livet.
- Prestar og klosterfolk kunne *skriva* og driva administrasjon.

Med andre ord: Kristninga gav ideologi til rikssamlinga og lim til samhaldet i riket. Rikssamlinga vart misjonstrategi: Bispar og prestar fylgte med kongane.

Korleis vart *kulturmøtet*? Korleis endra livsformene seg? Ein ny kultus vart innførd. Den gamle vart forboden. Det vart bygt kyrkjer med eit profesjonelt presteskap. Gradvis vart religionen skild frå ætta og det lokale, som eit «offentleg system» med lojalitet til konge og hirdbisp, ein gryande riksinstitusjon.

Livet vart ordna i eit mønster av heilage stader (kyrkjer og kyrkjegard) og heilage tider: Arbeidet skulle kvila kvar sjuande dag frå non laurdag til haneotta måndagsnatta. Det skulle heita «sundag». «Då skal ein ikkje arbeida, fanga korkje fisk eller fugl, vinna korkje på åker eller eng.» Og det vart innført ei rad andre helgedagar, dei store kristne høgtidene og ei rad helgenmesser med arbeidsforbod. Da skulle prestane skjera krossar og senda dei kring til «kvart hus med rykande åre» og samla folket til gudsteneste. Fredagen skulle vera fastedag. Da skulle det ikkje etast kjøt.

Nyfødde born skulle ikkje lenger setjast ut i skogen, så sant dei

ikkje var svært vanskapte. Ekteskap vart langt på veg uoppløyselege og kvar mann skulle berre ha ei kone.

Det vart mange kompromiss med det gamle kulturmønsteret. Gamle heidne festar vart omgjorde og ølet skulle no bryggjast og signast til Krist og Sankta Maria. Og det i store mengder fleire gonger om året, samberingsøl med ein mæle malt for kvar bonde og ein mæle for kona hans. Den som ikkje bryggja laut betala bot til biskopen.

Den nye skikken fekk eit særleg mytisk grunnlag, lokalisert til Moster: Da Olav Tryggvason var på veg over havet vest for Moster, kom den heilage Martin av Tour til han i draume og sa at den skikken at dei gav samberingsølet til Tor, Odin og andre æser skulle kongen venda så dei drakk til Martins minne, fortel Agrip. Martinsmesse kom istaden for den gamle heidne haustfesten.

Trælehaldet vart ikkje avskipa, men redusert gradvis. Kvart år skulle ein træl frikjøpast i kvart fylke.

Eldre forskrarar skilde gjerne mellom eit kultskifte som gjekk fort, eit sedskifte som gjekk seinare, og eit trusskifte som tok mykje tid. Slike er vanskeleg å koma etter med empirisk materiale.

Det er ein tendens i nyare forsking til å hevda at kvinna stod sterkare i den gamle trua enn i den nye. Noko kan det vera i det: Den gamle trua hadde innslag av fruktbarheitskult, og det blir lite fruktbarheit utan kvinner. Men det var no verkeleg ein machokultur med dyrking av styrke, vald og dei verste mannsdygder som rådde. Sigrid Storråde, som let slå ihel friaren med heile hans fylgle, sidan ho venta på ein betre, er eit sermerkt kvinneideal. Ei anna sak er at dette vel neppe endra seg mykje med kristninga sjølv om Maria møy var eit anna kvinnebilete som kanskje er å føretrekka.

Kristendomen slo likevel rot i sinn og åferd etter kvart, mest etter Olavs fall. Eit vitnemål om det er kyrkja som jordeigar i høgmellomalderen med omlag 40% av jorda – mykje motteke gjennom votivgåver, testamentariske gåver, bøter m.v. Olavskulten kom til å binda folk til kyrkja med sterkare kjensleband. Gjennom den vart også Trondheim pilgrimsmål og bunden inn i det europeiske nettverket av pilgrimsstader med vandringer som hundretusenvis av menneske la ut på. Kristendomen vart det sterke band til europeisk kultur.

No vart det konfliktar ut over i høgmellomalderen mellom geistlege og konge, under borgarkrigane blanda kyrkja seg i politikk, og Sverre «talte Roma midt imot.» Kongen hadde etter kvart bygd opp sitt eige hirdaristokrati, medan kyrkja fekk seg geistlege stormenn og kyrkjeprovins med erkebiskop frå 1152, og vart meir uavhengig. Men på lengre sikt vart det likevel konge og kyrkje som i samvirke ut over i høg- og seinmellomalder organiserte samfunnet. Kyrkja med-

verka såleis til å styrkja arvekongedømet og skapa einekongedømet. Og kongen sikra kyrkja sine eigedomar som etter kvart vart store. Kyrkja var – ikkje minst med klostera – ein europeisk institusjon som gav autoritet og opna for impulsar utanfrå, samtidig som ho vart ein viktig støtte for ein norsk politisk riksorganisasjon.

Kva slag *kristendom* vart det av denne kulturkonteksten?

Det var ein kristendom som var innförd ovanfrå – ved tvang. Han vart forvalta av eit hierarki som vart meir og meir sentralisert, dels i allianse med kongen, dels til Roma. Retten for kyrkjeeigaren til å kalla prest vart borte. Kulturkonteksten gav kristendomen eit sterkt preg av lydnad, med kontroll ovanfrå. Kyrkja vart ein herskereiskap, ei overheitskyrkje. I så måte var kyrkja svært ulik den gamle kulten som nok levde vidare i det løynde og fann kamuflerte uttrykk i segner, eventyr og folkeviser.

Reformasjonen og enda meir einveldet frå 1660-åra kom til å utvikla dette preget av overheitskristendom enda sterkare. Kongen sette seg i pavens stad som øvste biskop, herre over både verdsleg og geistleg embetsverk.

Reformasjonen var ei hard påkjenning for kristendomen i dette landet. Det meste av presteskapet vart jaga. Enda på slutten av 1600-talet var det berre omlag 250 sekulærgeistlege i landet – mot over 1000 i seinmellomalderen. Skikkar og riter som stimulerte oppleving og fantasi og bileta som tala til hjarto vart knuste. Folk hadde slett ikkje bede om nokon reformasjon. Det var eit reint politisk maktbod, eit overgrep, må vi nok sanna idag. Folk protesterte og tok mykje av dei gamle skikkane med seg heim og praktiserte dei i løynd, t.d. gravskikkane.

Det lutherske religionsmonopolet vart i hundreåra etter innprenta som vitalt for samhaldet i staten. Kyrkja var blitt statens religionsvesen. Trua var ei statssak. Å forsøma dei geistlege handlingar var kriminelt – opprør mot konge og Gud. Å vera borgar var det same som å vera lutheranar. Religiøs dissens var forbode, ei gift det galldt å halda seg klar for kva pris som helst:

Den Religion skal i Kongens Riger og Lande aleene tilstædis, som overens kommer med den Hellige Bibelske Skrift, den Apostoliske, Nicæniske og Athanasii Symbolis, og den uforandrede Aar et tusind fem hundrede og tredive overgivne Augsburgiske Bekjendelse og Lutheri liden Cathechismo» (Norske Lov 2-1).

Einveldet dreiv overheitskyrkja ut i det ekstreme. Å hevda ei anna tru var forbunde med den strengaste straff, «livs fortabelse». Det galldt ikkje berre «papistiske Geistlige Personer», men «iligemaade skulle under samme Straf alle andre særlige Samqvemme til nogen anden

Religions Øvelse, eller Prædiken (...) være afskaffede» (Norske Lov 6-1-3), det vil seia alle andre enn den evangelisk lutherske statsreligion. Dåp, altergang, konfirmasjon, jamvel kyrkjegang, var påbode ved lov. Med statspietismen på 1700-talet vart dette enda sterkare innarbeidd, gjennom den religionsskulen som vart bygd opp kring Pontoppidan.

Opprøret kom for alvor med Hans Nielsen Hauge – etter at Strilekrigen var fullførd og Kristian Lofthus var nedkjempa. Men etter seks års opprør med Hauge på vandring gjennom landet – ei fantastisk religiøs folkereisning – der presteskapet samla vart stempla med dyrets merke og innmeldt i Satans synagoge av Hauge i preike etter preike, vart han sett i slaveri til helsa og opprørsviljen var knekt så han bøygde seg. I testamentet til sine venner bad han alle sine om å vera lydige og underordna seg embetet.

Truleg var også eidsvollsmennene skrämd av Haugerørla. Dei vedtok verdens friaste forfatning med røysterett for alle bønder, folkesuverenitet og fridomar på rekke, men religionsfridomen strauk dei av grunnlova i siste liten. Motet svikta truleg.

Da så den endelege oppgjerd om det folkelege demokrati og parlamentarisme kom i 1880-åra, stod på ny presteskapet og det meste av kyrkja imot og forsøkte forsvara det gamle hierarkiske øverheitssamfunn som kyrkja hadde tent så lenge: «Opraabet til Kristendommens venner».

Deler av lekmannsrørsla slo lag med Venstre i den striden, men nølande – i truskap mot Hauges testamente, men langt frå Hauges opprør. Hans kvinnnesyn hadde dei for lengst gløymt og kultur vart eit trugande ord etter det moderne gjennombrot og Kiellandsaka. Heilt opp til 1950-åra var teateret, fela, film og romanar tvilsamt i seg sjølv, særlig på desse kantar. «Forteljingar» kunne gå.

Vi fekk altså eit underleg og seigliva og ulykkeleg skilje mellom folkeleg kristendom og kultur, som Svein Tindberg no held den endelege gravtalen over med si lesing av Markus-evangeliet frå scenen, Det norske teatrets store og uventa suksess i år. Eg er styremedlem i det teatret, og at evangelisten Markus skulle berga budsjettbalansen var meir enn eg våga ta med i kveldsbøna for nynorskteatret!

Kva har denne kulturelle kontekst gjort med kristendommen – evangeliet på norsk grunn? Etter kvart har kyrkja våga ta menneskeverdet på alvor, tala om menneskerettar som kristne rettar, sjå at dei er ein konsekvens av Guds kjærleik, at vi er skapte i hans bilet med evig verdi. Men det tok tid, og andre måtte minna oss på det. Tilpasning til utviklinga? Kanskje. Okkupasjonsåra vart ein stolt periode som lærte oss mykje.

Men den kulturelle kontekst har og lagt på kyrkja ei tung bør – at kyrkja gjennom heile vår historie har vore ei øverheitskyrkje: Arven frå vikingkongane med sitt rikssamlingsprosjekt, frå reformasjonen

og einveldets hierarkiske einskapsprosjekt, statspietismens disiplining med lovbunden kultus og kultusdeltaking. Den konfesjonelle einskapsprosjektet skulle verna staten mot opprør og anarki.

Kyrkja – særleg dei nye lekmannsorganisasjonane – vende seg til menneska i den tredje verda med misjon og omsorg lenge før andre i samfunnet såg anna enn ville dyr og ville menneske der. Den æra skal vi ta. Men å lesa gamle misjonsblad – som heldigvis berre gjev ein del av biletet – er ikkje alltid oppbyggeleg om ein er på leit etter vyrdnad for framand kultur. Øverheitspreget kunne merkast her og – med lydnad også – mot koloniherrars.

Kyrkja vende seg til dei fattige da den industrielle revolusjon sette inn – og bøygde seg ned med diakonal hjelp. Men ho var ikkje dei fattiges kyrkje, dei undertryktes kyrkje, dei diskriminerte minoritetars kyrkje som gav vern mot makta. Eit kvart opprør frå dei marginaliserte har i kyrkja – eg talar om mi kyrkje, den evangelisk lutherske – møtt ein motstandar som har snakka folk til orden på den etablerte makts vegner.

Gong på gong tok det same seg opp att i litt ulike former:

Det liberale demokrati møtte embetskyrkja som motstandar – ein bastion for det gamle elitesamfunn. Demokratiet var mot skaparordninga. Kongen hadde si makt av Guds nåde. Folket skulle vera underdanig.

Kvinnerørsla i førre hundreår møtte embetskyrkja som motstandar og vart trakka på: Likestilling var mot skaparordninga, anten det galdt stemmerett i stat og kommune eller adgang til kyrkjeembete. Lekmannsrørsla var ikkje betre – Hauge hadde dei gløymt.

Arbeidarklassens opprør møtte embetskyrkja som motstandar: Den gamle sosiale orden var sjølve skaparordninga som kyrkja kjende seg kalla til å forsvara. Arbeidarane vart trakka på. Dei skulle lyda og iallfall ikkje streika.

Og i dag, kven er det som blir trakka på idag med skaparordninga som jernsko-hel?

Dette har blitt ei kritisk oppgjerd. Det bør vera med i eit jubileum der det iallfall ikkje har mangla sjølvros. Vi treng oppgjarda fordi vi går inn i ein ny kultursituasjon der internasjonalisering og innvandring og sekularisering utfordrar oss. Vi må leita oss fram i ein vanskerelegare kontekst. Vi har kjeldene i trua – til frelse, til frigjering, menneskeverd, likeverd, kjærleik og solidaritet over landegrenser – og ansvar for skaparverket, kjelder til å vera kyrkje, Guds nærvære i dette landet. Vi har ein arv frå Haugerørsla som går på tvers av det hierarkiske, og som subkulturar og grupper og minoritetar har teke vare på. Framfor den økologiske krisa får orda om «Guds frykt med Nøisomhed» nytt profetisk innhald. Kanskje vil møta med andre kul-

turar og kristendom frå andre kulturar tina der det framleis er is. Kanskje har vi som misjonsland planta noko ute som har vaks til medisinplanter for oss sjølve, som kan læra oss noko om å vera dei fattiges kyrkje, om solidaritet med undertrykte, med minoritetar. Og heldigvis skjer det mykje godt – i ei opnare og friare kyrkje enn for tjue, tretti år sidan. Men det er så tungt å læra, særleg at forandring er nødvendig og at samtalens kan vera til hjelp når vi ser ulikt fordi vi ser stykkevis så lenge vi er her på jorda. Kanskje er vi i ferd med å gjera kyrkja fri frå ein tung arv frå vår kulturelle og politiske kontekst i historia: Kyrkjeasylet var vel det første eksemplet i fredstid på at store deler av kyrkja våga protesten på vegner av dei makteklause mot makta. Og eit løfterikt døme. Men eg trur at øverheits- og lydnadsarven er så sterk i oss at vi framleis iblant må spørja oss sjølve: Har Jesus verkeleg stått opp, eller lever vi framleis under lova?

Kyrkjehistorie er eit umåteleg interessant fag – så lenge ein kan halda fagleg avstand. Men det blir eit emne med mykje smerte når det blir «vi», «vår» kyrkje. Kor mykje finn vi att av den fattige fiskarflokk kring frelsaren i Galilea? Det som gjev smerte fell sterkt i augo – ikkje til triumf og hån over farne tiders kristne – men til uro over oss sjølve: Korleis vil vi ta oss ut for dei som ser på oss frå ei ukjend framtid – kor mykje smerte vil dei kjenna?

Berge Furre, f. 1937, cand. philol. 1968, professor i Tromsø (historie), senere i Oslo (teologi). En rekke politiske, kirkelig og kulturelle verv.

### **Gospel and culture:**

### **From the time of Christianization to modern times**

The paper, delivered at a seminar on «Gospel and Culture» in connection with the celebration of the 1000th anniversary of the church in Norway, is primarily a historical sketch describing some dominant trends in the relationship between gospel and culture. The introduction of Christianity brought about changes in the Norwegian culture, but Norwegian traditions coloured the religious life of the church as well. A particular emphasis is put upon the consistent tendency of regarding the church an institution serving the authorities: the heritage of the viking kings with their ambition of national unification, the hierarchical unification project of the Reformation and the absolute monarchy, the coerced cultus of state pietism, etc. In modern history similar trends have resulted in church opposition to liberal democracy, the labour movement, and the women's movement. In conclusion the author indicates potential changes, and suggests that perhaps the contact with the churches in the third world may teach important lessons.